

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/KD

Dato: 28.10.2021

Arkivk.: hkk/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL HAUSTMØTET 2021 – HOPP-OG KOMBINERTKOMITEEN

Stad: Thon hotell Skei
Tidspunkt: Torsdag 28. oktober 2021, kl. 18.00-20.30

Sakliste

SAK 01 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02 Val av referent
SAK 03 Orientering frå Høstmøtet i NSF
SAK 04 Rekrutteringsarbeid i klubbane
SAK 05 Aktivitetsplan 2021-2022
SAK 06 Terminliste 2021-2022
SAK 07 Handlingsplan 2021-2023
SAK 08 Status anleggsprosessar og vegen vidare
SAK 09 Eventuelt

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Per Birger Lomheim, Johnny Seljeset, Kennet Dvergedal (adm)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

SAK 01 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling med sakliste er sendt ut i framkant av møtet.

VEDTAK
Haustmøtet godkjenn innkalling og sakliste

SAK 02 **Val av referent**
Bakgrunn

VEDTAK
Haustmøtet gjer vedtak om at Kennet Dvergedal (adm) er referent.

SAK 03

Orientering frå Høstmøtet i NSF

Bakgrunn

Fagmøte Høst for Hopp vert halde torsdag 21. oktober 2021.

Høstmøte Kombinert vert halde laurdag 23. oktober 2021.

VEDTAK

Jon Ove deltok på fagmøte Hopp og orienterte haustmøtet.

SAK 04

Rekrutteringsarbeid i klubbane

Bakgrunn

VEDTAK

Adm. orienterte kring rekrutteringstiltaket «skiklubbutviklar».

Haustmøte drøfta rekrutteringstiltak i møtet. Komitemedlemmane tek ansvar for rekruttering i sine regionar.

SAK 05

Aktivitetsplan 2021-2022

Bakgrunn

Rammer for aktivitetsplan 2021-2022 vert drøfta i møtet.

VEDTAK

Haustmøtet gjer vedtak om at hopp- og kombinertkomiteen gjennomfører ei rekrutteringsrunde i krinsen. Rekrutteringsrunda består av å besøke ulike skianlegg, ta med rekrutteringsski hopp, med formål om å skape hoppaktivitet. Ein ønskjer ikkje å sette datoar for ei slik besøksrunde, men gjere gjere vurderingar fortløpande i forhold til snøforhold.

Ved ei slik runde kan ein også vise klubbane korleis ein enkelt kan bygge hoppbakkar med trakkemaskin.

SAK 06

Terminliste 2021-2022

Bakgrunn

På vårmøte 2021 til HKK vart det gjort følgjande vedtak til terminliste 2021-2022:

Terminlisteansvarleg: Jon Ove Lomheim

Terminlisteframlegg vert utarbeida til hausten av komiteen:

- a. Prioritera rekrutteringsrenn og krinsrenn i Bjørkelibakkane
- b. Prioritering krinsrenn og samlingar i Bjørkelibakkane med bakkestorleik med omsyn til bruk av ressursar for hoppklar bakke og værprognose (oppstart helst snarast mogeleg etter nok snø i bakkeanlegget).
- c. Listeframlegg koordinerast med Hordaland og Møre og Romsdal Skikrets.

VEDTAK

Haustmøtet gjer vedtak om å vedta terminliste med dei justeringane som vart drøfta i møtet. SFE-cup første helga det blir snø i Bjørkelibakkane. Klubbar kan vere fleksible når det gjeld å arrangere SFE-cup i forhold til snø og andre aktivitetar. Mogleg hopprenn på Vikafjellet på våren.

SAK 07

Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane sin handlingsplan 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

Planen ligg vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte Hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Haustmøtet drøfta handlingsplan og gjer vedtak om at Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp tiltak der det trengs.

SAK 08

Status anleggsprosessar og veggen vidare

Bakgrunn

Oppfølging av rekrutteringsbakkar i Førde og Stryn.

Status etablering hoppbakkar ved Sogn skisenter.

Oppfølging hoppbakkar Vik skisenter.

VEDTAK

Rekrutteringsbakken i Stryn er satt på vent på grunn av økonomi. Rekrutteringsbakken i Førde er kjøpt inn, men plassering er ikkje vedtatt. Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp plassering av rekrutteringsbakke i Førde.

Sogn Skisenter er i gang med bygging av K10 og K20 bakkar.

Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp ferdigstilling av hoppbakkane i Vik.

SAK 09

Eventuelt

Økonomi

Bakgrunn

Hopp- og kombinertkomiteen ligg an til å gå i økonomisk overskot i forhold til budsjett i 2021. For å unngå eit økonomisk overskot ønskjer komiteen å støtte utøvarar som hevdar seg i nasjonale renn.

VEDTAK

Haustmøtet gjer vedtak om at Hopp- og kombinertkomiteen støttar med 25 000,- til utøvarar som hevdar seg nasjonalt, finansiert ved Fannemel-effekten.



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Ref.